

# **TEMAPLAN**

## **Hovudplan for skogsvegar i Luster kommune**



**Skogforvaltninga i Luster mars 2013**

## **HOVUDPLAN SKOGSVEGAR I LUSTER KOMMUNE**

I 2010 vart det teke initiativ frå Fylkesmannen si landbruksavdeling - skog til å lage ei oversikt over dei viktigaste skogsvegtraseane i alle kommunane i Sogn og Fjordane. For Luster kommune vart det halde eit oppstartsmøte på Vesterland på Kaupanger. Med på dette møtet var:

Torkel Hofseth, fylkesskogsmester FMLA Sogn og Fjordane  
Helge Kårstad, Kystsogbruket  
Asle Lyslo, fylkesvegplanleggjar  
Gjert Heiberg, tidligare skogbrukssjef i Luster kommune  
Arne Kristian Borger, skogbrukssjef i Luster kommune.

Tidlegare skogansvarleg i Luster Audun Oklevik invitert med, men måtte melde avbod.

### **Status**

Gruppa teikna inn aktuelle framtidige vegar på kart over Luster kommune. I alt vart det teikna inn 13 trasear. Ein veg, Ulvongo er kome til i etterkant.

Fire av vegane er allereie realisert eller i ferd med å bli det. Simosetevegen på Hafslo vart ferdigstilt i 2010 som skogbilveg klasse 3. Storemyrvegen i Jostedal vart ferdiggodkjend som skogsbilveg klasse 5 i 2011. Hueholten som er traktorveg klasse 7 vart bygd som orkanveg og ferdiggodkjend i 2012

Ytterlivegen i Skjolden er godt i gong med å bli bygd og prosjektet er 100 meter bilveg og 400 meter traktorveg klasse 7.

Det vart gjennomført ei synfaring med vegplanleggjar på fylket Asle Lyslo i 2012 og det vart spesielt sett på dei prosjekta som er på Hafslo.

Vi tek med kva Fylkesmannen si landbruksavdeling seier om hovudplan skogsvegar. Teksten under er henta frå informasjonsknappen om temaet som ligg på Fylkesatlas.

*"Temaet syner ei generell oversikt på behovet for nye skogsvegar i fylket dei neste 30 åra. Området kring vegen viser det området vegen løyer ut.*

*Vegane er innteikna etter ei skogfagleg vurdering i samarbeid mellom kommunane og landbruksavdelinga hjå fylkesmannen. Kartet viser kvar det ut frå reine skogbruksomsyn er trond for skogsveg. Her kan vere feil, både i høve til kva som er mogleg teknisk, omsyn til natur og miljø og ressursgrunnlaget i området. Det er førebels ikkje gjort ei avveging i forhold til natur- og miljøinteresser. Det er derfor ikkje realistisk at alle desse vegane blir godkjende/bygde.*

*Vi vil også gjere merksam på at det er heilt og haldent opp til grunneigarane om dei ynskjer å bygge veg, dette er berre eit framlegg for mellom anna å synleggjere moglege fellesprosjekt. Kvar enkelt veg må også godkjennast av kommunen etter landbruksvegforskrifta.*

*Kommunane kan etter grundigare vurderingar vedta ein slik overordna hovudplan for skogsvegar"*

Vi forstår utifrå dette at lista med 13 vegprosjekt totalt er ei bruttoliste.

Det er viktig å vere klar over at vurderinga berre er gjort etter skogfagleg interesser.

Grunneigarar er førebels ikkje kontakta, vegane er ikkje omsøkt eller vurdert med omsyn til andre interesser. Under årsmøtet til Luster skogeigarlag 31. mars 2011 vart

hovudplanprosjektet presentert av Torkel Hofseth, hjå Fylkesmannen, for fyrste gong. Skogeigarane på møtet vart oppmoda om å kome med innspel og framlegg til endringar til planen under dette møtet. Fylkesmannen har elles signalisert at desse vegane vil oppnå ein høgare tilskotsprosent enn andre bilvegar og i tilsegnsbrev for NMSK – midlar vert det skrive at større fellesanlegg som er prioritert i hovudplanen kan få inntil 70% tilskot. For å kunne gje eit slik tilskot ynskjer FM at kommunen i handsamar hovudplanen for skogsvegar som ein temaplan i kommunen. Kommunen tek sjølv avgjerd om korleis prosessen vert lagt opp, men FM understrekar at omsynet til miljø og friluftsliv må innarbeidast. Planane skal danne grunnlag for prioritering av veganlegg.



Bilete: Skogsbilvegen Simosete, ferdigstilt i 2010

### **Om prosessen Luster kommune**

Sidan hovudplanen er meint som ei grov oversikt over kor skogressursane står og kor framtidig felles bilvegar bør ligge for uttak av desse ressursane er det naturleg at denne hovudplanen vert ei orienteringssak for plan- og utviklingsstyret. Ved ein kvar vegsak som vert handsama etter landbruksvegforskrifta vert det ei grundig handsaming opp mot Naturmangfaldlova. Hovudplanen fungerer difor som ei bruttoliste, og eit vegprosjekt som viser seg å ha stort konfliktpotensiale med omsyn til anna interesse treng difor ikkje bli realisert. Det er riktig å prioritere veganlegg med semje mellom grunneigarane. Det er dessutan viktig at det vert vald ein vegformann som er kontaktperson for grunneigarane.

### **Vegen vidare**

I samband med hovudplanane for skogsvegar ønskjer Fylkesmannen (FM) å arrangere kveldsmøte og eller skogdagar for skogeigarane i kvar kommune. I tillegg til å informere om hovudplanen vil FM informere om skogøkonomi generelt i høve planting og skogsvegar. FM stiller med opplegget men forventar at kommunane hjelper til både når det gjeld det praktiske og utforminga av møta. Det vil då vere naturleg å gå vidare med utarbeidning av områdeplanar om det er interesse hjå skogeigarane for veg.

## Kort om det ulike vegane i Luster kommune

Vegnamn	område	skog	vegtype	veglengd	konfliktnivå	fase
Simosete	Hafslo	gran	bilveg	3,2 km	lite	ferdiggodkjend
Ytterlivegen	Skjolden	gran	bil og traktorveg	0,1/1,3	lite	under bygging
Eidsvatnet	Skjolden	gran	traktorveg	1,0	truleg lågt	ikkje omsøkt
Kinsedalen	Sørsida	furu	bilveg	6,0	truleg høgt	ikkje omsøkt
Nes-Høyheim	Nes	blanding	bilveg	2,5	ukjend	Ikkje omsøkt
Storemyrvegen	Jostedal	gran	bilveg	0,55	lite	ferdiggodkjend
Hueholten*	Jostedal	gran/furu	traktorveg	1,1	lite	ferdiggodkjend
Dalamarka-Svoi	Marifjøra	furu/gran	bilveg	4,6	ukjend	Ikkje omsøkt
Heggmyrane	Hafslo	gran	bilveg	1,3	truleg lågt	Ikkje omsøkt
Nondal-Hauge	Hafslo	gran	bilveg	0,7	truleg lågt	Ikkje omsøkt
Bruheim-Jordanger	Indre Hafslo	gran	bilveg	2,3	ukjend	Ikkje omsøkt
Osen Såge	Hafslo	gran	bilveg	1,6	truleg lågt	Ikkje omsøkt
Ulvongo	Marifjøra	gran	bilveg	2,1	truleg lågt	Ikkje omsøkt

\*tidl. kalla Haukåsenvegen

## SKJOLDEN

### Ytterlivegen, traktorveg

Heile vegen ligg hjå ein skogeigar, gnr 26 bnr 1 og består av 100 meter skogbilveg, velteplass og 1300 meter traktorveg klasse 7. Vegen vart omsøkt i 2009 og det er gjeve løyve til bygging i vedtak av 02.07.2009. Det er søkt om statstilskot, og det er gjeve løyving av Fylkesmannen i løyvingsbrev til grunneigaren dagsett 19.04.2010. I dekningsområdet til vegen på ca. 1129 daa er ressursgrunnlaget sett til ca. 6.000 m<sup>3</sup>. Ein reknar med ferdigstilling i 2013



**Bilete:** Ytterlivegen i Skjolden. Vegprosjektet er 100 meter bilveg, velteplass og 1300 meter traktorveg, og er under bygging.

## Eidsvatnet - traktorveg

Vegen som vert liggjande på ein eigedom er ikkje detaljplanlagd og ikkje omsøkt. Vegen vil løyse ut plantefelt med granskog og ligg inne med ei lengd på ca. 930 meter. I det 651 daa store dekningsområdet til vegen er det rekna  $4504\text{ m}^3$  skog, fordelt på gran og lauv. Truleg lågt konfliktpotensiale med omsyn til anna interesse.




Bilete: Trase for traktorveg på sørsida av Eidsvatnet

## SØRSIDA

### Kinsedalen, skogsbilveg

Vegen er ikkje detaljplanlagd, og ikkje omsøkt. Vegen vil ha skogsbilvegstandard klasse 3 og gå 6 km rett sørover frå Kinsedalen, ca. 200 meter opp frå fjorden. Det er fleire grunneigarar til området. Vegen vil løyse ut fleire tusen kubikkmeter gamal furuskog. Til ressursgrunnlaget er det rekna heile  $45.000\text{ m}^3$  i det 4443 daa store dekningsområdet til vegen. Truleg høgt konfliktpotensiale med omsyn til naturmangfald. Aktuelt driftsopplegg er taubane.



Bilete: Veglinje skogsbilveg, Kinsedalen (blå strek midt i biletet)

## OMRÅDET GAUPNE-NES

### Nes-Høyheim, skogsbilveg

Vegen vil bli for fleire grunneigarar og er ikkje detaljplanlagd, men ca. 1 km av tenkt trase på 2,4 km er i dag traktorveg. Det vert ombygging av denne til bilvegstandard og bygging av 1,5 km ny skogsveg i tillegg. Skogen i området er barskog, lauvskog og blandingsskog. Det meste av barskogen er furu. Det er rekna med ca. 12.000 m<sup>3</sup> i det 1129 daa store dekningsområdet til vegen. Uavklåra konfliktpotensiale med omsyn til anna interesse.



Bilete. Veglinje Nes – Høyheim

## JOSTEDAL

### Storemyrvegen, skogsbilveg

Vegen ligg på ein eideom, Jostedal prestegard, gnr 193 bnr 3 og er 550 meter skogsbilveg klasse 5 som i følgje vegsøknaden vil løyse ut 2000 m<sup>3</sup> skog. Vegen som det vart gjeve byggjeløyve for i 2005 var ferdigstilt i 2011. Vegen har fått statstilskot. Det vil vere aktuelt å byggje ein ny tung traktorveg i tillegg til bilvegen. Til ressursgrunnlaget i det 495 daa store dekningsområdet til vegen er rekna 6855 m<sup>3</sup>skog. Det er store plantefelt med gran som nærmar seg hogstmoden alder.



Bilete: skogsbilvegen Storemyrvegen, Jostedal prestegard

### Hueholten, traktorveg

Deler av vegen var omsøkt og godkjend bygd i 2004. Likevel vart ikkje vegbygginga realisert, og det vart gjeve ei utsetjing fram til 2013. På grunn av orkanen Dagmar vart vegen bygd raskt vinteren 2012. Vegen er blitt 1100 km traktorveg kl.7. I dekningsområdet til vegen på 704 daa er ressursgrunnlaget 4640 m<sup>3</sup> skog. Om lag 2250 m<sup>3</sup> er granskog i hogstklasse IV og V, der allereie (vår 2013) 700 m<sup>3</sup> er teke ut av skogeigar sjølv.



Bilete: veglinje traktorvegen Hueholten. Avkøyring til Vigdalen opp til høgre i biletet.

## OMRÅDET HAFSLO OG INDRE HAFSLO

### Dalamarki-Svåi, skogsbilveg

Det er ein veg som skal gå imellom Svingo og Dalen, med to armar. Det er fleire grunneigarar til området, og vegen vil løyse ut store skogressursar. I dekningsområdet til vegen på 2818 daa er det ein kubikkmasse på 28.492 m<sup>3</sup>. Nesten alt dette er hogstmoden skog, dominert av furu, men og med granfelt. Det er rekna med at ein må byggje ca. 4,6 km skogsbilveg klasse 3, som vil seie heilårsveg for tømmerbil med hengar. Truleg eit vanskeleg prosjekt på grunn av mange grunneigarar.



Bilete: Veglinje mellom Svingo (i aust) og Dalen, Marifjøra.

## **Heggmyrane, skogsbilveg**

I dette området er det granplantefelt som nærmar seg hogstmoden alder. I det same området er det stor aktivitet med skigåing og alpint vinterstid, og det er laga ein såkalla masterplan for utbygging av området til hytter. Det er frå før alpinanlegg og ein del hytter i området. Det er tenkt ein ca. 1300 meter lang bilveg som vil løyse ut eit dekningsområde på ca. 500 daa. Ressursgrunnlaget er 2700 m<sup>3</sup> skog, nesten alt er gran. Området har fleire grunneigarar. Aktuell driftsform er med taubane.



**Bilete:** Veglinje skogsbilveg på Heggmyrane. Parkeringsplassen er det grå arealet nede til høgre på biletet. Eit alternativ er å gå inn med veg frå parkeringsplassen ved skisenteret i austleg retning før den kjem inn på i svingen i den innteikna veglinja.

## **Nondal – Hauge, skogsbilveg**


Ein vil med 680 meter skogsbilveg klasse 4 og eit dekningsområde på 274 daa til vegen løyse ut ca. 1200 m<sup>3</sup> skog, det meste gran og lauv. Det er fleire grunneigarar til området. Alternativ veglinje er å gå inn frå aust der innkøyringa til Solvi og Haugo ved Heggmyrane ligg. Då vil ein oppnå at meir av vegen går gjennom skogareal. Under ei synfaring hausten 2012 med vegplanleggjar på fylket Asle Lyslo, så det ut som eit betre traseaval..



**Bilete:** Traseen Nondal-Hauge. Det vil vere betre å kome med vegen frå aust, ovafor innmarka slik at granskogen midt i biletet og vert ein del av dekningsområdet til vegen.

### **Bruheim-Jordanger, skogsbilveg**

Det er tenkt ein skogsbilveg vegklasse 3, på i alt 2327 meter som vil gjelde fleire grunneigarar. Vegen vil ha endepunkt ved traktorvegen frå Høgi. I det 1500 daa store dekningsområdet står det ca. 10.000 m<sup>3</sup> med skog. Det meste av dette er eldre produksjonsskog av gran og ein del hogstmoden lauvskog. Det er tenkt at vegen skal starte ved å knyte seg på vegen mellom Sønnesyn og Dale. Denne tilkomstvegen har nokre flaskehalsar som må bli utbetra. Under synfaring med vegplanleggjar på fylket Asle Lyslo i 2012 vart det sett på ombygging av nokre parti på tilkomstvegen. Utbetringar må gjerast på 400-500 meter av denne vegen og det vert ein kostnad på utbetringa tilsvarande bygging av helt ny veg.



**Bilete:** Skogsbilveg Bruheim-Jordanger. Vegen starter på stølsvegen mellom Sønnesyn og Dale og vert bygd som skogbilveg klasse 3. Ein del utfordringar er knytt til utbetring av stølsvegen der den nye skogsbilvegen skal starte frå.

### **Simosete, skogsbilveg og traktorveg.**

Vegen som allereie er realisert er ei ombygging av traktorveg til skogsbilveg og bygging av ny traktorveg. Som ressursgrunnlaget er det i det 3293 daa store dekningsområdet til vegen rekna  $10.500 \text{ m}^3$ . Vegprosjektet vart ferdigstilt i 2010.



**Bilete:** Ombygd traktorveg til skogsbilveg ved Simosete, Hafslø

### **Osen – Såget, skogsbilveg**


Det er tenkt 1613 meter skogsbilveg klasse 4. Dekningsområdet til vegen er på 356 daa og det står 2377 daa skog her. Hogstmoden skog er furu og lauv, medan grana førebels berre er yngre og eldre produksjonsskog. To av skogeigarane i området har ytra ønske om at prosjektet vert skrinlagd, og at det i staden vert bygd oppstillingsplassar for taubane på eksisterande veg mellom Sandsdalen og Simosete. Dette kan sjølv sagt vere ei aktuell løysing.



**Bilete:** Veglinje Osen-Såget

## Ulvongo, skogsbilveg

Denne vegen er kome til i etterkant. Det er tenkt ein skogbilveg i vegklasse 4, med lengd på 2117 m. Vegen vil dele seg å gå i to armar. Det er totalt 5000 kbm skog i dekningsområdet til vegen og så å seie alt dette er gran som deler seg likt på yngre og eldre skog i produksjonsfasen. Denne vegen er og avhengig av utbetring av tilkomstveg, mellom anna nokre svingar. Eit alternativ kan vere å knyte vegen saman med den planlagde skogsvegen Bruheim-Jordanger.



**Figur:** Innteikna skogsbilveg på Ulvongo med raud linje.